



Vikøy Sokneråd

Postboks 39

5600

Norheimsund

REFERAT frå SR i Vikøy sokn 14.jan.2025

Frammøtte: Tove, Magne, Erling, Vetle, Solfrid, Astrid og Gudrun

Opning: Vetle (del/dvele) Emmausvandrane

Kaffi og noko å bita i: Erling hadde med nydelege kanelnurrar

01/25 Godkjenning av innkalling og referat

Innkallinga er godkjend med merknad om at sak 09/25 vert utsett til neste SR.

Referatet er godkjent.

02/25 Offerliste 2025. Det har kome inn søknadar til offer via kirkekollekt.no. I tillegg har me motteke søknader frå Normisjon, Tomasgården /Sandom, NØUK, Redd barna og Indremisjonssamskipnaden. Det er 34 gudstenester med ofringar i 2025.

Vedtak:

- 12 offer til eige arbeid
- 4 offer til Himalpartnar (blant anna 1.påskedag – misjonsavtalen til Kvam)
- Kirkens Nødhjelp (julaftan + fasteaksjon)
- NMS (1. juledag)
- NLM (1. pinsedag)
- Norheimsund og Øystese Ungdomskor (NØUK) to ofringar, ei på lysmessa og ei utanom.
- KRIK (Kristen Idrettskontakt)
- Søndagsskolen, Bjørgvin krets
- Kirkens SOS, Bjørgvin
- Det norske Bibelselskap (eventuelt bibeldagen)
- KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid), region Vest

- Frelsesarmeen (får offer når dei deltek på gudsteneste)
- Rullerande kollektar (7 i 2025)
 - Menneskeverd
 - Normisjon
 - Kirkens bymisjon
 - Blå Kors
 - IKO
 - Sandom
 - Sjømannskirken

Vake - kirkelig ressurscenter mot seksuelle overgrep (2024)

og Stefanusalliansen utgår dette året, men kjem inn att på lista for 2026.

03/25 Årshjul/ plan for våren. Forslag til halvårsplan vart utdelt på møtet.

Vedtak:

Endringar/utfyllingar på planen:

25.01. Tårnagentsamling i Vikøy kyrkje: Tove stiller frå SR

09.02. Gudsteneste kl.19.00: Heims musikklag vert med

14.03. Kyrkjekino: Magne stiller frå SR

23.03. Gudsteneste med årsmøte

07.04./28.04./05.05. Legoklubb: Gudrun vert med frå SR

08.04. Fasteaksjon

29.04. Krølletreff: Solfrid stiller frå SR

05.05. Dugnad Nhs krk

20.05. Soknerådsmøte

27.05. Dugnad Vikøy krk

05.06. 6-årsbok: Randi stiller frå SR

15.06. Gudsteneste i Vikøy kyrkje kl.12.00

04/25 Ledlampar til kyrkjene i soknet. For å spara kyrkjene for utgifter til straum i framtida, vil det vera økonomisk gunstig å gå til innkjøp av ledlampar som kan lysa opp kyrkjene våre. For å få landa dette prosjektet, bør vi setja ned ein ad hoc-komitè.

Vedtak: Astrid, Magne og Vetle er i komitèen. Olav S.L. hjelper med å søkja om støtte (m.a. frå ENØK)

05/25 Gudsteneste nyttårsaftan. Det har vore ein tradisjon med gudsteneste kl.18 på nyttårsafta i Vikøy. Oppmøte i 2024 var om lag 60 deltakarar. Staben har teke oppsaka, og eit mogleg alternativ er å flytta gudstenesta til Norheimsund kyrkje 1.nyttårsdag.

Vedtak: SR er ope for/anbefaler å ha gudstenesta 1.nyttårsdag (gjerne ettermiddag).

06/25 Ein god dag. Det har kome spørsmål frå Eli Tveitane om deltaking på «Ein god dag» (Sjå vedlagt brev i innkallinga).

Vedtak: SR ynskjer å vera medarrangør på «Ein God Dag». GSL kan vera med i komitèen.

07/25 Velg livet. Brev frå Ole Bjørn Kristensen om engasjement for «Velg livet».

Vedtak: SR takkar for invitasjonen, men SR kan ikkje engasjera seg i dette no. Astrid og Vetle svarer OBK.

08/25 Orientering og evalueringar

- Bøneveka 19.-26. januar
- Info frå kulturkomiteen (sjå plan for våren)
- Fasteaksjonen vert 8.april
- Tårnagent 25. januar (Tove hjelper til)
- Familiemiddagane: Flott initiativ, men for lita interesse. Må organiserast på ein annan måte om det skal vera aktuelt på eit seinare tidspunkt.

09/25 Informasjon ved Johnny Roy Knutsen om arbeid med historia kring bygginga av Norheimsund kyrkje.

Vedtak: Utsett til neste SR.

10/25 Eventuelt

Kasserar ynskjer å kategorisera Vipps-kontoen til SR.

Vedtak: Vipps-kontoen vert delt inn i tre kategoriar: konsertar/andre arr, føremiddagstreff og offer/gåver.

Neste soknerådsmøte vert 11.februar kl.19.00:

Opning: Astrid

Mat: Solfrid

Gudrun Skeie Langeland, skrivar